



**VOSS KOMMUNE**  
**Kommunalavdeling oppvekst**

Hordaland fylkeskommune

10 DES 2014

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
13/1537-6 26699/14	OPP	AH	A20		03.12.2014

## **RAPPORT I HØVE TILSKOT TIL FYSISK AKTIVITET FOR BARN OG UNGE 2014 - "VOSSADANS"**

Me viser til brev datert 14.05.14 der Voss kommune vart tildelt kr 30 000 til prosjekt Vossadans. Rapport og rekneskap vert sendt no ved prosjektslutt, noko som er ein føresetnad for tilsegn.

### **Gjennomførte tiltak**

Prosjektet vart gjennomført i perioden august – november 2014. Planlegging av den praktiske gjennomføringa vart gjort av prosjektleiar/instruktør og konsulent ved kommunalavdeling oppvekst. Det var også møte med samarbeidspart Voss Spelmannslag i startfasen og ved evaluering av prosjektet. Me starta prosjektet med ein introduksjon på leiarmøte (styrarar og rektorar), der prosjektleiar informerte om Vossadans.

I perioden august- september fekk alle dei 19 kommunale og private barnehagane i Voss kommune to besøk av instruktør. Første besøk i 1 klokke saman med barn og vaksne, andre besøk saman med personalgruppa, der barnhagane fekk læra om lag 10 songleikar. Tilbodet vart i første rekke gitt til 4-5-åringane i barnehagane.

På same måte vart tilbodet gitt til 3.årssteg ved dei 11 barneskulane i perioden oktober – november. Det vart utarbeida eit kompendium med songane m/instruksjon av dans/bevegelse, til hjelp for vidare aktivitet.

I etterkant vart barnehagar og skular bedne om å svare på eit evalueringskjema. Samla svar ligg som vedlegg, 2 for barnehagane, 1 for skulane.

### **Oppnådd målsetting**

Målsettingar er nådd i høve:

- å gjera eit utval songleikar og dansar kjende i barnehagar og skular, kjende med tradisjonar (oppfrisking for nokon)
- felles, samlande aktivitet for små og store, glede over aktivitet i lag
- lett å ta fram att i samlingstunder, friminutt, skuletimar når alle har same opplæringa
- ein måte å få i gang fysisk aktivitet t.d. i utetida, både for barn/elevar og vaksne
- lågterskel –tilbod, alle kan delta

Adr.: Utrågt. 9	Telefon:	E-postadr.: postmottak@voss.kommune.no	Bankgiro:	Foretaksnr.
Postboks 145	Sentralbord 5651 9400	Nett-adr.: www.voss.kommune.no	3201 46 70954	960 510 542
5701 VOSS	Saksbeh. 5651 9539			
	Telefaks: 5651 9651			

- førebyggjande tiltak, anti-mobbetiltak. Både barnehagar og skular arbeider med Zero – program mot mobbing, der samlande fellesaktivitetar er viktige førebyggjande tiltak.

### Eventuelle avvik, endringar i høve plan

Me ser at barnehagane, i større grad enn skulane, lettare fekk med heile personalgruppa på opplæringa. I skulane var det om lag halvparten av skulane som gjennomførte del 2 med opplæring for dei tilsette. Samstundes må ein ha forståing for at fellestid skal fyllast med mange oppgåver, slik at det rett og slett er vanskeleg å finna ledig tid.

Elles kan det nemnast at tilrettelegging og organisering av prosjektet tok langt meir tid enn me i utgangspunktet hadde lagt inn i prosjektplanen. Det handla om å ha ein god dialog med barnehagane og skulane undervegs, tilpassa og flytta tidspunkt osv. God kommunikasjon mellom einingane, kommunalavdeling og prosjektleiar har vore avgjerande. Instruktør har vore svært fleksibel, har vist stor velvilje, entusiasme og engasjement som gjorde gjennomføringa mogeleg.

### Samla vurdering og eventuell vidareføring

Som det går fram av evalueringa frå einingane vart tilbodet godt motteke, og me vil seia at prosjektet var svært vellukka i høve målsetjinga.

Så langt ser me dette som eit første steg på vegen til at barn og ungdom i alle aldersgrupper skal få kjennskap og opplæring i Vossadans. Me har ynskje om at prosjektet vert vidareført, og vil difor søkja om tilskot også i 2015. Då ser me for oss at 5. og 10. årssteg skal vera målgruppa. Samstundes er det viktig at Vossadans vert halden ved like, slik at det bør koma repetisjonar og vidare opplæring for nye grupper i åra framover.

### Rekneskap

Inntekter		Utgifter	
Rådet for folkemusikk og folkedans (Voss spelmannslag)	20.000,-	Undervisning i barnehage (a 500kr/t med 2 besøk ved kvar barnehage)	25 000
Voss kommune	10.000,-	Undervisning i 3. klasse (a 500kr/t med 1-2 besøk ved kva skule)	17 000
Hordaland fylkeskommune	30.000,-	Prosjektleiing, møter m.m.(fordelt på prosjektleiar og del av stilling konsulent)	15 500
		Køyre godgjersle	2 522
<b>Sum</b>	<b>60.000,-</b>		<b>60.022,-</b>

Med helsing

*Annlaug Helland*

Annlaug Helland  
konsulent

Vedlegg: Evalueringskjema, skular og barnehagar

Kopi til: Voss Spelmannslag  
Astri Sudmann, prosjektleiar og instruktør  
Nils Helge F. Kvamme, KUF